

FITJAR KYRKJEBLAD



NR 4 - DESEMBER 2021
ÅRGANG 44



DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

Opningstider vekedagar
kl 1000-1130 og 1230-1500

Kyrkjeverje/kantor:

Jan Overweg 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Roald Drønen 950 76 635
rodr@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Brit Kannelønning Olsen (vikar)
brol@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488
kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Wenche A. Helland 901 33 397

Leiar Diakonimnd:

Annbjørg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørffonn 902 27 978
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
(Skriv om du vil øyremerke gåva)
kontonr. 3546.29.05805



Framsdebilette:

Bispevisitas

Foto: Torbjørn Hovland



Ei kroppsleg jul

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kan-
tar. Dersom vi ville samlast i kyrkja,
kunne vi berre møtast veldig få.
Nokon trassa vêr og vind og heldt
gudstenesta utandørs, men dei fles-
te heldt seg nok heime. Eg håpar vi
ikkje får oppleve slike tilstandar ein
gong til.



Biskop Halvor Norhaug

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 10. februar til
kyrkja@fitjar.kommune.no**

Neste blad kjem etter planen 23. februar. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



Redaksjonelt

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan koma til kyrkja, er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil koma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenkjer slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møte oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å koma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje koma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møte deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønskjer deg og alle dine ei glad og velsigna jul!

Julekos

på Fitjar bedehus

Tirsdag 28. desember kl. 18.00

Tale av Fridleif Lydersen

Det vert song av Silje Rydland

Opplesing ved Harald Johan Sandvik

I tillegg vert det anna ymse program

God mat og tid til ein god drøs

Gratis inngang, men høve til å gi ei frivillig gåve

Pga. matbestilling må me ha påmelding til

Annbjørg Stjern Tvedt 47 01 82 64

Hilda Gloppen 97 01 96 75

seinast 20. desember

Alle er hjarteleg velkomne til Julekos !!

Arr. Fitjar Indremision og Fitjar diakoninemd

JULEFEST

for små og store på
Fitjar bedehus

torsdag 30. desember kl. 17.00



Julésongar

Andakt v/
Torunn K. Flarskog

Innslag ved ungar frå
søndagsskulen

Enkelt servering

Messingblåsera

Jultrøggong

Kollekt

ALLE er velkomne!

Arr.: Fitjar søndagsskule



Bispevisitasen i Fitjar

Det er 13 år sidan siste bispevisitas i Fitjar. I byrjinga av desember avslutta Halvor Nordhaug, biskop i Bjørgvin, gode visitasdagar i Fitjar. Visitasen starta med ein fin kyrkjelydsfest i kulturhuset. I dagane på Fitjar møtte biskopen skuleelevar både på gudsteneste og i klasserom. «Livsmeistring og tru» var tema i møte med lærarane, og biskopen var godt oppdatert på overordna plan for lærarar.

Tekst: Roald Drønen

Kommunen er ein svært viktig samarbeidspartnar for kyrkja. Møtet med kommunen var lagt til Fitjar videregående skule (som i 2008). Over eit nydeleg måltid mat, laga i stand av elevar ved skulen, vart aktuelle utfordringar for kyrkja drøfta; b.a. parkeringsplass for rørslehemma i nærleiken av kyrkja).

Biskopen hadde møte med sokneråd, stab og frivillige og fekk eit godt innblikk i det allsidige arbeidet som skjer i Fitjar kyrkjelyd.

I vitjinga til Engesund fiskeoppdrett fekk biskopen oppdatert kunnskap om laksenæringa. På visningssenteret, ute mellom øyene, fekk han smaka eit «herremåltid» av laks og suppe. Leiar i Fitjar sogelag, Christer S. Aarbø, heldt eit flott historisk foredrag om Fitjar.

Visitasen vart avslutta med gudsteneste og visistasforedrag søndag 5. desember. I foredraget var det mange lovord til kyrkjelyden. Biskopen hadde mykje godt å seia om arbeidet som skjer i Fitjar.

Biskopen kom også med utfordringar til soknerådet og kyrkjelyden:

1. **Gå til gudsteneste for din eigen del og for å gje Gud ære**
2. **Hald fram med strøyming av gudstenester på nettet**
3. **Arbeid for diakoni/frivillighetskoordinator**
4. **Arbeid vidare med strategiplanen – med ein målbar handlingsplan**
5. **Aktivesering av gjevartenesta**

Biskopen reiste frå Fitjar med to gåver: Jubileumboka - Fitjar kyrkje 150 år og ein handlaga kniv av Nils Olaf Hystad.

Open kyrkje

Det vert «Open kyrkje» kl. 18-19.30 første torsdag i månaden desse datoane:

6. jan., 2. febr., 3. mars, 7. april, 5. mai og 2. juni



Biskop Nordhaug og Christer S. Aarbø

Foto: Roald Drønen




Friske festleiarar: Roald Drønen og Randi L. Matre

Foto: Ole Sandvik

Takk til diakoninemnda

Helgemessehelga var det to fine arrangement i Fitjar kyrkje. Laurdag var det «Open kyrkje» der dei som var døde i Fitjar det siste året vart minna. Mange pårørande fann vegen til kyrkja denne kvelden. Eli Simonsen las dikt som passa til stunda, og Hans Kobberstad (fiolin) og kantor Jan Overweg (orgel) fylte kyrkjerommet med nydeleg musikk.

På søndag var det gudsteneste der kyrkjelyden også fekk vera med å minnast dei døde.



Halvor Nordhaug og Karina Bunes på Engesund Visningscenter

Foto: Roald Drønen



Johannes Moldestad Oma -
Dyktig pianist på kyrkjelydsfesten

Foto: Ole Sandvik

Ungdomsgudsteneste 2. juledag

Me håper at ungdomane i Fitjar har lyst å samlast til ungdomsgudsteneste i kyrkja 2. juledag på kveldstid.

Dette har jo blitt ein fin tradisjon. Mange har vore med i kyrkja denne kvelden, og ungdomar frå Fitjar har hatt ulike rollar.

Tor Håkon Aarbø (19 år) har vore musikkansvarleg fleire år og blir med i år også. Etter at han var ferdig ved Kongshaug Musikkgymnas i sommar, går han no på bibelskulen i Grimstad.

Silje Rydland (21 år) vil vera predikant. Etter at ho var stipendiat på folkehøgskulen, tok ho til på HVL sin lærarskule i Bergen, og går der no på andre året.



«Presten» Prestbø

Nyårsaftan vil Ingvild Prestbø frå Fitjar leia gudstenesta i Fitjar kyrkje. Ho studerer for tida på Menighetsfakultetet på fjerde året. I sommar var ho vikarprest i Sunnfjord prosti, med base i Sande.





Livsmeistring når det røyner på

Bjarte Stubhaug er lækjar og psykiater, spesialist i stressmedisin, og arbeider dagleg med pasientar med stressmedisinske plager. Han har medisinsk doktorgrad om utmatting, ME og stress, er førsteamanuensis og forsker ved Universitet i Bergen og underviser lekjarar og lekfolk om stress og meistring.

Tekst og foto: Torbjørn Hovland

Den 30. september hadde me gleda av å høyra eit foredrag om livsmeistring i ei gjenopna og velfylt kyrkje.

Kva er meistring? Er det å klara nye bragder, å lukkast i noko nytt og krevjande?

Livsmeistring er noko heilt anna, nemleg å godta at ein har det vanskeleg. Å innsjå at du ikkje lukkast, og at vanskanе kanskje er permanente. At helsa sviktar, at nokon nær deg dør, at du misser jobben, og mange andre krevjande situasjonar eit menneske kan koma opp i.


Livet er fullt av slike kriser som ikkje kan forutsjåast, ikkje kan helbredast eller endrast. Det er naturleg at gamle foreldre dør, men det er mykje vanskelegare å bearbeida når born dør. Traumer etter krig, vald og overgrep kan gje angst, depresjon og fysiske utslag. Her kan det være nødvendig med profesjonell hjelp for å kunne gå vidare. Me er alle ulike, og dersom me skal prøva å behandle alle likt, kan det følgeleg vere nødvendig å behandle dei individuelt og ulikt.

Me kan til ein viss grad styre dei ytre faktorane i livet vårt; Mat, døgnrytme, omgangskrets og kva me fyller fritid og interesser med. Då er det viktig å spørje seg om kva som er viktig for deg og kva som gagnar deg. Kven er eg saman med, kva snakkar me om?

Meistring handlar mykje om å kjenna tilhøyrrighet og å finna dei små gledene. Du kan ikkje bestemma deg for å unngå sjukdom og dødsfall, men hjelper det deg å snakka mykje om det?

Å få hjelp eller gi andre hjelp i vanskelege livsfasar handlar ikkje nødvendigvis om å gjennomarbeida det. Roleg samvær og omtanke kan vera like godt. Livsmeistring handlar mykje om å prøva å finna sinnsro.

Mange får hjelp av bøn, andre finn harmoni i naturen eller i samkjensle med andre. Det viktige er å føla at du betyr noko for andre, at nokon bryr seg om deg, og at du er god nok sjølv når du har det tungt. Dette kan samanfatast i eit enkelt ord: Nåde.



Kom og bli med!

Kyrkjelydsweekend til Helgatun

1. - 3. april

Påmelding/informasjon:
kyrkjekontoret (53 45 85 00)
kyrkja@fitjar.kommune.no



Frå Harstad til Haifa

Mørketid og minusgrader i Harstad har blitt bytta ut med sol og varmegrader i Haifa. I fjor på denne tida ante eg ingenting om at eg ville vera i «det lovede land» denne jula og dette året, men det er jo det som er så spanande med dette livet. Kalenderen viser snart desember, men det er ingenting som tyder på at det nærmer seg vinter her. Eller, dei lokale har lenge sagt at hausten har kome og at det nærmer seg «vinter», men når yr.no fortsatt melder over 20 grader på langtidsvarselet, følest det likevel som ein av dei strålende sommardagane eg opplevde i nord. Dagane blir kortare, allereie klokka 16:30 går sola ned, så det er vel det som er beviset på kva for nokre månadar me er i.

Synnøve Aarskog

Det tek alltid litt tid å venja seg til ein ny kultur. No er det fem år sidan sist eg var ein «outsider» på ein ny stad. Harstadværingane såg på meg som ein «søring» (og det stemte jo), og eg måtte overbevise dei om at eg ikkje hadde tenkt å dra med det første. Det første spørsmålet dei stilte, var som regel «kor lenge blir du?» Dei er vant med søringar som kjem og går, og investerer ikkje nødvendigvis mykje tid og krefter i å bli kjent med folk som likevel skal flytta etter kort tid. Elevane som eg var lærar for, lurte på kva for eit land eg kom i frå og spurte kvifor eg hadde flytta til Noreg. Etter ei lita stund i Nord-Noreg var det ikkje vanskeleg å vera begeistra for denne landsdelen, og eg la min elsk både på folk og natur der nord. På mange måtar kan starten i nord samanliknast med starten her i Israel.

Her i Haifa er dei nemleg òg vane med at volontørar og arbeidarar kjem og går, og det tek nok difor litt ekstra tid å koma på «innsida». Når ein først kjem der, trur eg at ein fort kan få gode, djupe venskap. Her får eg vera ein del av ein messiansk menighet, der dei feirer shabbat kvar laurdagsmorgon/-føremidag (alt etter kven du spør). No i coronatida er det to gudstjenester, då det er så mange at dei må delast i to. På kvar samling er det opp mot 100 personar i alle aldrar. Det er inspirerende å sjå og høyra at den messianske bevegelsen veks, altså at fleire og fleire byrjar å tru på Jesus som Messias.

I Harstad jobba eg på ein barneskule, men her i Israel skal eg vera lærar i ei litt anna setting. Her er eg frivillig for Israelsmisjonen, og jobber med å vidareutvikla First:Israel, ein bibelskule som fokuserer på våre jødiske røter, samt det å bli kjent med folk og land. Grupper frå ulike folkehøgskular og bibelskular blir inviterte og får bli betre kjentde med sine jødiske trusrøter gjennom undervisning, reising og møte med lokale israelarar. Dette bibelskuleopplegget har vore prøvd ut før, og det har vist seg at interessa er stor.

Det er alltid spanande å gå inn i noko nytt. Både når det gjeld arbeidsoppgåver, nytt miljø og nye omgjevnadar. Visse tankar om korleis ting skal bli, har ein jo, men det er jammen ikkje alltid det blir slik ein tenkjer. Det har me vel alle vore borte i før. For vår del, var det spørsmålet om me kunne ta imot studentar eller ikkje til bibelskulen som var i fokus. Svaret veit me no. Det blir ingen studentar før jul, då Israel opna for turistar litt for seint. Eigentleg skulle hausten ha vore ganske travel med to grupper som skulle vera her to månadar kvar. Likevel, me håper fortsatt på å få ned grupper etter jul. I mellomtida arbeider me vidare med førebuingar, relasjonsbygging og informasjonsarbeid. Dagane er både innhaldsrike og meningsfulle, sjølv om det blei litt annleis enn eg hadde tenkt.

Eg gler meg over å få vera her dette året, og legg stadig meir min «elsk» på den nye kvardagen min her og det meningsfulle arbeidet eg får vera ein del av.





«Salmer og sanger vi gjerne hører»

Overskrifta var tittel på ein serie som gjekk på NRK radio i mange år, og vart plutselig aktuell igjen.

Tekst og foto: Torbjørn Hovland

Elisabeth Moldestad kom til Fitjar i 2006 saman med prest Olav Oma, og har skrive songar sidan ho var lita. Her i bygda var det mange som visste at Elisabeth skreiv salmar, men kanskje færre som visste at ho også komponerte melodiar til dei. Og truleg var det få som ana noko om omfanget og nivået på det me skulle få høyra i temakvelden 28. oktober.

Å få ein salme med i den nye salmeboka er eit trøgt nålaug å koma gjennom. Her er Elisabeth representert med «For augo våre faldar ein skapardraum seg ut», men kvalitetsmessig kunne ho absolutt hatt med fleire. Elisabeth formidlar mysteria og kjernen i kristen tru med språksikker poesi, varme og takksemd.

Spennvidda er stor, både tematisk og musikalsk. Frå den nydelege julesongen «I kvart snøfnugg» til den sterke pasjonssalmen «Krossen din». Me fekk ulike assosiasjonar via «Lik eit tre» som sende tankane til taiga og russiske folketonar, og gjennom «Frå fjerne fjell» med melodi og fløytespel som minna om Peru og Andesfjella.

Songane er arrangerte for Osternes mannskor av Svein Tørnquist, og saman med dirigent Ole Christian Ottestad har dei klart å løfte koret til nye høgder. Frå det mjuke og vare, til full styrke med stor autoritet og presisjon. Kanskje kan framhevast «Den skuldfrie» som i tillegg til sin sterke tekst også hadde eit mektig og kraftfullt kor-arrangement. På fleire av songane var koret forsterka med solistane Guri Refvik, Martin Hatlevik og Tom Rydland. Mannskor blir neppe særleg flottare enn dette.

Så får me håpa at det ikkje var over når konserten var slutt. Desse salmane taler til oss, og fortener å gjerast kjende utover våre kommunegrensar.

Takk for ein praktfull kveld.





Min salme



Osternes mannskor hadde konsert med framføring av Elisabeth Moldestad sine tekstar i Fitjar kyrkje i haust. Elisabeth fortel at songane er skrivne til ulike tider. Nokre av songane har ho heilt klart for seg når dei vart skrivne, medan for andre andre er tidspunktet og årstalet meir uklart.

Roald Drønen

Det er litt spesielt at ho som er bergensar skriv på nynorsk. Til dette svarer ho at etter at dei flytta til Sunnfjord, prøvde ho seg på å skriva nynorsk, sidan dei bruker nynorsk der. Tidlegare skreiv ho til eigen framføring på bergensdialekt, men i Askvoll skulle songane brukast av andre. Då vart det naturleg å skriva på nynorsk.

Ein av dei mange songane som vart sunge på konserten, har tittelen «I kvart snøfnugg». Den er skriven rundt juletider, då familien budde i Askvoll; for ca. 20 år sidan.

Kva tankar har du med denne teksten?

«Eg hugsar at eg ville sjå på nokre desemberteikn og visa kva dei kan minna oss om: snøfnugga, ljosa, kyrkene, borna. Det er godt for oss av og til å stoppa opp og kjenna at vi høyrer til noko større. Vi høyrer til hos Gud», avsluttar Elisabeth.

I kvart snøfnugg

Elisabeth Moldestad

*I kvart snøfnugg som dalar i desember
har du rissa di stjerne i krystall,
og dei ljosa vi held i våre hender,
syner ljuset som føddest i ein stall.
Kvar ei kyrkje som står i by og grender,
vitnar stilt om din himmel på jord,
og vi minnest om deg kvar gong det hender
at ei kvinne på jorda vert mor.*

*Snøen dalar, eit teppe trekkjest over,
jord og grus vert det reinaste krystall.
Du kom hit som den finaste av gåver,
dekte over vårt mørke og vårt fall.
Ljos av ljøs, når di kjærleik har slik styrke,
kan vi våga oss fram til ditt bord.
Og vi ber våre barn inn i di kyrkje,
for vi veit at din nåde er stor.*

*Vi kan stogga ved snøteppa så kvite
og få tru at du dekkjer våre liv.
Vi kan tenna eit ljøs for deg og vite
at du kom, at du er og at du blir.
Vi vil elska di kyrkje her på jorda
slik at verda kan sjå kven du er,
og gje varme til barnet og til mora,
for den minste blant oss er deg kjær.*





Rad 4 bak fra venstre:

Dennis André Tingvoll, Sebastian Korsvik, Elias Gerhardsen, Sondre Franco Grimen, Kristian Vestbøstad, Asbjørn Jordan Raunholm, Magnus Torvund, Georg Isdahl Sætre, Kasper Fitjar, Johannes Sandvik Bø, Johannes Moldestad Oma.

Rad 3 fra venstre:

Andrine Korsvik, Hanna Kristiansdatter Vestbøstad, Tomine Haldorsen Helland, Elias Koløen Gravdal, Lars Sigurd Tufteland, Eivind Nesse Gloppen, Marius Kongestøl Vik, Kaleb Ayersam Alemu.



Rad 2 fra Venstre:

Susanne Sørfonn, Celina Bernes, Adrian Vik, Filip Rimmereid, Selma Hollund, Elise de Fine Olsen, Hanna Lovise Vestbøstad.

Rad 1 fra venstre:

Sandra Elise Helland, Daniella Tranøy Tislevoll, Sunniva Vik, Ariel Berntsen Vesterheim, Julie Heggøy, Kaia Victoria Hjelmen Grimen, Elisabeth Rydland Sæbø, Michell Bod.

Roald Drønen og Randi Lønning Matre

Foto: kunstinvest.no



Frå Skumsnes til Yavello



Brita Skumsnes bur no i Elvavegen i Bakken. Men det har ho ikkje alltid gjort. Barneåra hadde ho på Skumsnes i Osterneset. Der vaks ho opp med to brør og ei søster. Foreldra, Inger og Nils, var aktive i misjonsarbeid, og mora dreiv gutelag i nabohuset, «Jøristovo».

Tekst og foto: Harald Johan Sandvik

For Brita var misjonen ein naturleg del av kvardagen og livet. Alt frå ho var ei lita jente, låg misjonskallet der. Ei av tantene spurde kva ho skulle bli når ho vart stor? «Eg skal bli misjonær!» svara Brita.

Då ho vart eldre, tvila ho meir på det valet. Ho tenkte at ho var ikkje så god til å syngja, og ikkje til å tala heller. Det var vel akkurat slik Moses kjende det også, i det gamle Egypt, så ho var i godt selskap. Men ho fekk ikkje ro for kallet, og gjennom utdanninga si vart ho rusta for oppgåvene som låg framom. Det vart realskule, gymnas, bibelskule, lærarskule og kristendom grunnfag. Ho tok kontakt med Norsk Luthersk Misjonssamband, NLM, og dei hadde bruk for lærarar. Då vart det fire månader misjonsskule på Fjellhaug hausten 1967.

I januar 1968 reiste ho til England på språkskule, og i august same året vart ho, saman med ei veninne frå misjonsskulen, vigsla til misjonærar i Vår Frelsers kirke i Haugesund.

Hausten 1968 var det endeleg klart for utreise til Etiopia, der det venta endå eit år på språkskule. No skulle ho læra amharisk, som var undervisningsspråket i sørre delen av landet. Så kom ho til Yavello, som vart heimen hennar i mange år. Der vart ho styrar på ein skule med seks klassetrinn, 200 elevar og seks lærarar.

I dette området budde Borana-folket. Daglegspråket var sør-oromo. Når lærarane på skulen hennar snakka om noko ho ikkje skulle vita, gjekk dei over til oromo. Det språket fekk Brita berre eit lite kurs i, men etter kvart forstod ho det meste.

I Yavello hadde det vore norske misjonærar sidan rundt 1950, men det var få kristne frå Borana-folket. Burji-folket høyrde til lenger sør og vest. Dei var jordbrukarar, og fleire av dei budde rundt Yavello.

Nokre hadde vore i Kenya og blitt kristne. Då dei møtte dei første misjonærane i Yavello, vart dei kjernen i det kristne samfunnet der.

Det var ikkje enkelt for Brita dei første åra. Første perioden var det mange utfordringar med skulen og med andre oppgåver, og tidleg i den andre perioden vart keisar Haile Selassie styrta. Det vart stamme-uro, og evangelistane og ungdomane i området vart sende i hæren. Dei snakka om raud terror, kommunistane som overtok landet, og kvit terror, motstandsørsla. Ungdomar vart henta ut av heimane og skotne, mistenkte for å vera motstandarar av kommunistregimet. Så uroleg var det at Brita måtte forlata Yavello og reisa til hovudstaden Addis Abeba. Der vart ho sett til å føra rekneskapen til misjonen, ei heilt ny oppgåve for henne.

I 1980 byrja ho på den tredje perioden sin, og no var ho plassert i Konso, 10 mil aust for Yavello. Der hadde dei ein statleg administrator som gjorde det ekstra vanskeleg å arbeida, og dei fekk ikkje reisa ut i distriktet. Difor vart det to nye år med rekneskap i Addis. Så fekk ho reisa «heim» til Yavello igjen. Her var ho svært mykje ute i landsbyane og underviste. Men det var ustabil. Nokre kom til samlingane ei veke, neste veke var det kanskje ein heilt ny flokk.

Vonde ånder var ein merkbar realitet. Brita har mange sterke historiar om det i boka si, «Borana spirer», som ho gav ut i 1998. Folk vart ville og ustyrlege, men dei ofra kyr og andre verdiar for å verta frie. Dei som vart kristne, vart fria ut frå dei vonde maktene.

Då ho kom ut til den fjerde perioden, var det lettare å arbeida. Folk var meir interesserte, og det var dei same som samlast når ho var rundt og underviste. Gudji-folk og Borana-folk hadde meir omgang med kvarandre. Hos Gudji-folket var mange kristne, andre var søkjande og bad om undervisning. Borana-folk høyrde at det var hjelp å få for vonde ånder, og søkte hjelp hos Gudji.

Då opna mykje seg. Mange kom og sa dei ville verta kristne, og då kunne dei verta døypte også.

Brita hadde etiopiske medarbeidarar med seg når ho reiste rundt. Dei fleste dei møtte var analfabetar, og ho underviste ved å syna bilde frå hendingar i Bibelen og fortelja ut frå dei. Alt måtte skje munnleg. Ho møtte ein mann som nyleg var blitt kristen. Han bar ein utsliten bibel under armen. Då ho fekk sjå i den, var det berre urørte sider. Han hadde aldri lese i den, men var så glad for at han hadde ein bibel! Då ho reiste heim for godt, var heile Bibelen oversett til Borona-språket.

I 1991 var det ny uro, og kommunistregimet vart styrta. Då som no, i 2021, var folk frå Tigray-provinsen svært sentrale i opprøret. Uroa spreidde seg heilt sør og Brita måtte evakuera endå ein gong.

I 1996 forlet Brita Etiopia, etter seks arbeidsperiodar og omlag 21 år. Dei neste 10 åra reiste ho for misjonen

i Norge, frå Sulitjelma i nord og heilt sør. På eit møte i Drammen kom det nesten berre vestlendingar, og ho fekk takk for at ho bruka nynorsk. Ein annan gong vart ho send til Sotra, då skulle ho vera vikar for ein som var blitt sjuk. Møteleiaren ynskte folket velkomne, og så sa han: «Her venta me Erleiv Matre, og så dukka det opp eit ukjent kvinnemenneske!» Informasjonen frå kretskontoret hadde nok ikkje vore god nok!

Ho heldt for det meste enkeltmøte denne tida, men ho hadde også møteveker.

Gong etter gong fekk Brita hjelp, støtte og leiing gjennom ord frå Bibelen. Eitt bibelvers vil ho dela med kyrkjebladet sine lesarar.

Me finn det i Hebrear brevet 4,16:

«Lat oss difor med frimod gå fram for nådens kongsstol, så me kan få miskunn og finna nåde til hjelp i rette tid.»





Haustattakkefest

Tekst og foto: Torbjørn Hovland

Haustattakkefest er ei takkegudsteneste for markas grøde, og har blitt feira i den norske kyrkja sidan 1899. I år hadde Fitjar bygdekvinnelag lagt ned eit stort arbeide og pynta kyrkja med alle mogelege typar frukt, grønsaker og rotfrukter. Og me hadde sanneleg mykje å takka for, både det som veks av jorda og ikkje minst dei sprudlande borna frå Bakken barnehage som song for oss.

Orgelet fekk kvila seg denne søndagen, Tom og Harald Rydland med band tok seg av det musikalske. Bibelforteljinga var dramatisert som eit TV2-innslag frå dengong Jesus metta 5000 i øydemarka med 5 brød og 2 fiskar. Alle vart gode og mette, men kanskje var det nokon som sakna litt grønsaker?





Invitasjon til sorggruppe

Kyrkjene på Fitjar, Tysnes, Stord og Bømlo har ulike tilbod til deg som er i sorg: Temakvelder, samtalar med prest eller diakon og deltaking i sorggrupper.

At ein av våre næraste døy, kan vera noko av det verste me som menneske opplever. Erfaring viser at det er viktig å snakka saman om det som er vondt og vanskeleg, dela erfaringar og hjelpa kvarandre med livet vidare.

Nokre har familie og venner dei kan dela sorga med, medan andre har få å snakka med. For nokre er det også vanskeleg å snakka om korleis ein har det med sine næraste. Mange har opplevd at det har vore til hjelp å delta i ei sorggruppe. Kyrkjene på Fitjar, Tysnes, Stord og Bømlo har oppstart av nye sorggrupper i januar 2022.

Dei som har mista nokon dei stod nær, er velkomne til å delta i sorggruppe. Ei sorggruppe er ei sjølvhjelpsgruppe der ein kan dela tankar og utfordringar om livet med andre i same situasjon. Gruppa vil ha faste deltakarar. Ingen nye deltakarar blir då med etter at gruppa er starta.

Det vil vere 4-6 deltakarar og to leiarar i gruppa, og 6-8 samlingar, ca. kvar 14. dag. Tilbodet er gratis.

Ynskjer og treng du å delta i ei sorggruppe, eller ynskjer meir informasjon kan du ta kontakt med ein av oss innan 14. januar:

Olaug Gloppen, diakon i Stord kyrkjelyd, e- post: olaug@kyrkja-stord.no el. Tlf. 416 39 728, eller

Sissel F. Våge, diakon i kyrkjelydane på Bømlo, e-post: Sissel.Vage@bomlo.kommune.no el. tlf. 993 25 028.

For individuell samtale er du velkommen til å ta kontakt med diakon eller prest i din kyrkjelyd.

Med helsing
Olaug Gloppen og Sissel F. Våge
diakonar i kyrkjelydane på Stord og Bømlo



Den mørkaste timen

Haldis Reigstad

*Du kom i den mørkaste timen,
du kom for å setja oss fri.
Du kom til den sovande byen,
du kom i den rette tid.*

*Du kom til Maria og Josef,
du kom til kvar avkrok på jord.
Du kom som den minste av alle,
du kom som ein konge stor.*

*Vi kjem til den fattige stallen,
vi kjem slik som hyrdingar kom.
Når du, Herre, bankar på hjarta,
vi møter Guds herlegdom.*

*Du kjem til det fredlause hjarta,
vi kjem til den freden du gav.
Du kjem til den dødsdømde verda,
vi kjem til ei opna grav.*

*Men det hende medan dei var der,
då kom tida då ho skulle føda.
Og ho fødde son sin, den fyrstefødde.
Ho sveipte han og la han i ei krubbe,
for det var ikkje rom åt dei i herberget.*

Luk 2, 6-7



Lov og evangelium – kva er forskjellen?

Lova er om straff – evangeliet er om tilgjeving

Lova er om ting me skal gjera – evangeliet er om kva Gud har gjort for oss

Lova er bod, reglar og disiplin – evangeliet er om kjærleik, nåde og frelse

Lova pålegg krav – evangeliet tilbyr ei gåve





Skytsenglar

Maria og Josef måtte reise frå Nasaret til Betlehem. Det var ei lang reise, men dei visste at englar passa på dei. Kor mange englar kan du finne på bilete? Du kan og finne fram fargeblyantar og fargelegge!





LysVaken 2021

20. - 21. november var det LysVaken i kyrkja vår. 12 born og 4 leiarar fylte kyrkja med liv og røre frå kl. 18 på laurdag til gudstenesta var ferdig på søndag. Vi leika, konkurrerte, vart kjende med kyrkja og kvarandre, førebudde gudsteneste, åt god lasagne, såg film og åt laurdagsgodt.

Randi Lønning Matre

Me snakka om kva det er å vera lys vaken. Korleis er det å vera lys vaken for dei me har rundt oss, for Gud og for oss sjølve? Me var einige at det er kjekkast å vera saman med vakne menneske, og då er det best å ha sove. Luftmadrassar og soveposar vart lagde fram i midtgangen, bak, framme, ja, overalt der ein kan ha ei madrass i kyrkja. Søndagen hadde me ei fin gudsteneste der alle borna var med og bidrog på ein flott måte, både med song, bønner og drama. Tusen takk til alle føresette som laga mat og stilte opp som vakt om natta. Tusen takk til ungdomsleiarane, Olga og Hanna Lovise Vestbøstad, de er flotte! Tusen takk til alle elleveåringane som gjorde LysVaken til eit kjekt døgn.



Ljosmesse 2021

Første søndag i advent er det tradisjon for ljosomesse i Fitjar kyrkje. Konfirmantane deltok med lysprosesjon, tekstlesing, bønner og tenning av mange lys. Det var konfirmantane som hadde skrive alle bønene og kome med mange tankar til preika. Preika handla om lys, mørke og håp.

Randi Lønning Matre

Jesus er håpet for verda. Jesus er lyset i våre liv. I han har me eit håp som held i livet. Eit håp som held i stormar.

Eg vil minne om nokre av dei gode tipsa som konfirmantane kom med, om korleis me kan gjere dagane gode for andre og vere eit lys i mørket for dei me har rundt oss.

1. Gjere noko av det som gjer oss glad
2. Vere positive
3. Vere ein god venn
4. Gi ein klem – til dei som du er i familie med
5. Vera eit lys for nokon som opplever mørket



III GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjerelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå
Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no



FITJAR
SJØ OG CAMPING

Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)
E-post:
fitjarcamping@haugnett.no

Hår
loftet

OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): .. 10-13

Fiks frisyren
hos oss!

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:
53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter
Mobilnr: 951 89950

Bakken
Fitjar Soknerådsbarnehage

Kontaktinfo:
Torunn K. Aarskog
404 04 146

Ledig annonseplass

Interflora | Galleri Flora
Tlf: 53 49 95 00 | www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

jt **TVEIT**
Faglig tyngde og
godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



SPAR



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet

Ledig annonseplass

**FITJAR
SMABAT AS**



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - http://www.fitjarbaat.no



KVERNENES



Sko - Gåver - Leiker

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen
Kiosk**



Ledig annonseplass

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

HEIMLI

SHIP DESIGN



www.heimli.com

Havnavegen 90, Fitjar



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700

Ledig annonseplass



Slekters gang

Døypete:

03.10

Alexandra Drønen

10.10

Liam Hareide Karlsen

24.10

Mari Grønås Mjønes

21.11

Sigrid Aarskog

Tiril Nesbjørg Askeland

Milian Nesbjørg Askeland

Lars Hystad Stokken

Jordfeste:

Eli Elisabet Vestbøstad

f: 17.10.1929 – d: 29.09.2021

Anny Alette Waage

f: 22.05.1942 – d: 06.10.2021

Torgils Vestbøstad

f: 20.04.1932 – d: 08.11.2021

Ingeborg Kristine Bukkholm

f: 03.06.1926 – d: 18.11.2021

Asgjerd Evelyn Helland

f: 19.01.1936 – d: 27.11.1921

Marta Hageberg

f: 09.01. 1931 – d: 01.12.1921



Foto: Torbjørn Hovland

*Har du lyst å gje ei julegave
til kyrkjebladet?*

Bruk Vippsnr: 23412 - Merk: Kyrkjeblad



Gudstenester med atterhald

19.12	1100	4. søndag i adventstida
24.12	1430	Julaftan
	1600	Julaftan
25.12	1100	Juledag
26.12	1900	2. juledag - Ungdomsgudsteneste
31.12	2300	Nyårsaftan - Midnattsgudsteneste
01.01	1200	Nyårsdag
09.01	1100	2. søndag i openb. tida
16.01	1100	3. søndag i openb. tida
23.01	1100	4. søndag i openb. tida
		Familiegudsteneste
30.01	1100	5. søndag i openb. tida
06.02	1100	6. søndag i openb. tida
13.02	1100	Såmannssøndag
20.02	1100	Kristi forklåringsdag
		Familiegudsteneste/Tårnagentar
27.02	1100	Fastelavns søndag



Brandøy-weekend:

Drivande dyktig leirsjef, Helga Rimmereid, har engasjert
Jens Brenne og Andreas Sørffonn.

Foto: Ole Sandvik